



Nynorsk mediesenter

Status per 20.12.2008



- Redd vi kan misse talent

Det er usikre tider i media, som elles. Mange medieverksemdar skjer ned, og tilkallingsvikarar og vikarar er dei som fyk ut fyrst. Tilsettingsstoppen i NRK har same verknad. Fleire tidlegare nynorskpraktikantar, som har vore vikarar, vert tilkallingsvikarar frå nyttår. Nokre får nok oppdrag til å leve av det, andre må arbeide for fleire oppdragsgjevarar.

– Eg er redd vi no kan misse fleire talent fordi dei er dyktige og velutdanna nok til å finne seg anna å gjere, og ikkje har is nok i magen til det vårast, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter. Ho er usikker på om vedtaket om at dei skal reknast for ”interne søkjarar” vert praktisert i heile NRK.

Tidlegare i haust gjorde NRK vedtak om at kandidatane frå Nynorsk mediesenter og NRK FleRe skulle reknast som interne søkjarar i NRK. Vedtaket lyder slik :

”NRK FleRe og Nynorsk mediesenter er strategiske rekrutteringstiltak for NRK. Det er derfor besluttet å gi kandidater derfra positiv særbehandling ved at de skal betraktes som interne kandidater til ledige stillinger, det være seg faste stillinger eller vikariater. Det betyr at det ikke må søkes unntak fra ansettelsesstoppen for å ansette disse. Det igjen betyr at journalister fra NRK FleRe og Nynorsk mediesenter, som fortsatt er knyttet til NRK, kan søke både vikariater og faste stillinger i NRK, selv om det i utlysningsteksten står at bare fast ansatte kan søke”.

Så langt har Nynorsk mediesenter sendt frå seg 39 nynorskpraktikantar, og av dei har 76,9 % heil – eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Fire er fast tilsette i NRK og fire i andre medieverksemdar. Åtte er vikarar i NRK, medan tretten er tilkallingsvikarar frå nyttår.

Tiande kullet – eit nytt jentelag



Desse fem jentene byrjar som nynorskpraktikantar 5. januar 2009. Frå venstre : Ingunn Myro, Astrid Sverresdotter Dypvik, Siri Kleiven Strøm, Malin Olivia Dahlberg og Anna Gytri.

Vi har for tredje gong tilsett eit reint jentelag. Til tiande kullet var det 50 søkjarar, 30 kvinner og 20 menn. Tolv vart kalla inn til konferanse og studiotest. Her er ein kort presentasjon av dei fem heldige :

Ingunn Myro (1986), frå Ål i Hallingdal er vikar og lærarassistent ved Leveld skule i Ål. Ho har årseining i drama ved Dronning Mauds Minne Høgskule, i Trondheim, og musikk- og teaterlina ved Fredly folkehøgskule, Børse. Har i mange år vore aktiv innan revy og amatørteater, som skodespelar, skribent og regiassistent. Kan døvespråk og har arbeidd i barnehage, butikk og på hotell.

Astrid Sverresdotter Dypvik (1977) frå i Lensvik i Sør-Trøndelag. Ho har mastergrad i historie frå Universitetet i Oslo. Hovudoppgåva hennar handla om den tyske erindringskulturen om Holocaust og andre verdskrig. Bachelor med faga tysk og historie, frå universiteta i Oslo og Leipzig i Tyskland. Dypvik har skrivne nynorsk sidan ho gjekk på Orkdal vidaregåande skule, og har vore aktiv i målrørsla. Ho er no frilansar for Dagbladet, og har vore samfunnsjournalist i Morgenbladet og kronikk - og debattredaktør i Klassekampen.

Siri Kleiven Strøm (1987), frå Årdalstangen i Sogn. Studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen på andre året. Har engasjert seg i studentradioen i Bergen, der ho er reporter og programleiar. Som skuleelev var ho aktiv i ulike lokalpolitiske organ, ungdomspolitisk utval og ungdommens fylkesting i Sogn og Fjordane. Som dei fleste årdøler har ho hatt sommarjobb i Hydro Aluminium.

Malin Olivia Dahlberg (1982), frå Valldal på Sunnmøre. Dahlberg har mastergrad i russisk frå Universitetet i Bergen, og skreiv hovudoppgåve om haldningane til bruk av dialekt og standardpråk i Russland. I BA-graden sin har ho spesialisering i russisk og grunnfag i engelsk, religionsvitenskap og nordisk. Ho har allsidig arbeidsrøynsle frå reiselivsnæringa og har siste halvåret vore reiselivssekretær. Malin Dahlberg kan svensk, engelsk, tysk og russisk.

Anna Gytri (1984), frå Førde i Sunnfjord. Bachelor i film - og TV-produksjon ved Universitetet i Bergen. Grunnfag i medievitenskap og årsstudium i samfunnsfag ved same universitet. Har arbeidsrøynsle frå medisinaldepot, reingjering og resepsjon på hotell, og tre månaders vikariat i NRK Sogn og Fjordane.

Faglærarar for tiande kullet vert Geirmund Henjum og Olga Wergeland. Sissel Rikheim skal ha dei den veka dei skal lære om fotografering og redigering.

Niande kullet klar for ekstern praksis



Frå venstre: Erling Molt Korsnes (1984), frå Haram, Samina Bruket (1985), frå Bryne, Magnus Stokka (1985), frå Suldal, Ann-Iren Finstad (1980) frå Gloppen og Steinarr Sommerset (1983), frå Vanylven.

Måndag 5.januar byrjar niande kullet i ekstern praksis. Steinarr Sommerset og Ann-Iren Finstad skal til Kulturnytt i NRK P2, Samina Bruket til NRK Rogaland, Magnus Stokka skal ha ein månad i nrk.no/nyheter og ein i Dagsnytt og Erling Molt Korsnes skal til NRK Trøndelag i Trondheim. Dei sluttar i Førde 19.desember og oppsummerer tida her slik :

Steinarr Sommerset: - *Fire års høgare utdanning. Fire månader ved Nynorsk mediesenter. Eg er ikkje i tvil om kva som har vore mest matnyttig. Det har vore hektisk. Det har vore krevjande. Til tider har eg følt meg dum som ein frøloff. Utilpass som ei sveitt brunostskive. Ein tungnær treigost. Men eg har aldri angra, ikkje eit sekund. Til det har eg lært for mykje. Opplevd for mange nye ting. Møtt for mange vedunderlege menneske. Det er før og etter Førde no. Før og etter. Og blikket er vendt framover.*

Samina Bruket: - *Hausten i Førde har gått rekordfort! Eg vil takka alle i Nynorsk mediesenter og i redaksjonen ved NRK Sogn og Fjordane, det har vore ein fryd å vere praktikant hjå dykk! Eg er spent på praksistida i NRK Rogaland, og gler meg til å presentera distriktsnyhende til kjenningar og ukjende i heimfylket. No er det tid for meir nynorsk i rogalandseteren!*

Ann-Iren Finstad: - *Nynorsk mediesenter har gjeve meg lærdom som eg sannsynlegvis ikkje ville fått nokon annan stad. Som nynorskpraktikant har eg fått røynsle og ei tru på å satsa vidare på journalistikken. Det har gått utruleg fort i svingane og det har vore ein hektisk haust. Men opplegget har stått til forventningane, og vel så det. Lærdomen frå opphaldet på loftet og i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane skal eg ta godt vare på, og halde ved like i lang framtid.*

Magnus Stokka: - *Tida på Nynorsk mediesenter er ei einaste bratt læringskurve. Mykje praksis og varierte oppgåver gjer at tida flyg av garde. Her får vi prøve oss på både radio, TV og nett – alt frå mjuke reportasjar til harde nyheiter. Nå gler eg meg til ekstern praksis i nrk.no/nyheter og Dagsnytt. Marienlyst har lenge vore draumen, og nå skal eg nytte sjansen eg har fått til å bli ein stolt nynorskbrukar i Oslo!*

Erling Molt Korsnes: - Det er rart å tenkje på at tida i Førde er over. Etter nyttår skal eg til NRK Trøndelag på Tyholt i Trondheim. Etter to månader opplæring og to med praktisk arbeid i NRK Sogn og Fjordane skal eg no ut i arbeidslivet, utan Geirmund og Olga i ryggen. Nynorsk mediesenter har levd opp til ryktet sitt, og eg kan reise her frå med betydeleg meir bagasje enn eg kom med. Eksternpraksisen er ei ny og spennande utfordring, men det verkeleg spennande er kva som hender etterpå.

Eiga medarbeidargransking

I februar 2009 vert det, for fyrste gong, ei medarbeidargransking for Nynorsk mediesenter, for å få ei meir fagleg vurdering av korleis det er å vere nynorskpraktikant . Dei to kulla i 2008 får spørsmåla. NRK Forskinga har tilpassa medarbeidargranskinga som NRK brukar til Nynorsk mediesenter og NRK FleRe, og praktikantane vert spurde om røynslene sine dei seks månadane vi har ansvaret for dei.

- Desse statusrapportane kan sjåast som skriva frå Kim Il Sung i si tid, der alt var vel og bra. Vi har sidan starten i 2004 ynskt å bli målte på skikkeleg vis, og no har vi betalt for å få ei medarbeidargransking som er tilpassa oss. Når dei spør to kull i slengen, er det akkurat nok folk til å få granskinga representativ. Men det er uhyre viktig at alle svarar , seier Magni Øvrebotten. Denne medarbeidargranskinga vert årleg i februar, for at også haustkullet skal få uttale seg om den eksterne praksisen.

KURSVERKSEMDA

I 2008 har vi halde 15 kurs. Det er åtte kurs i medietrening, fire i skrivning for Internett, to bereskapsøvingar og vi hadde tre medarbeidarar på ei stor pandemiøving for alle kommunane i Sogn og Fjordane, over to dagar.

Vi har halde kurs for Fiskeridirektoratet, BKK, NAV Sogn og Fjordane, Fylkesmannen både i Hordaland og i Sogn og Fjordane, LO Stat Hordaland/Sogn og Fjordane, og fleire kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I år har vi ikkje hatt ein eigen person til å lage, halde og selge kurs. Wenche Eikum, som vi leigde inn til det, har hatt mammapermisjon og skal det komande halvåret til utlandet. Vi ynskjer å hyre ho på nytt frå neste haust, både for sal og vidareutvikling av kursverksemda. Men fordi vi har ein god stamme med verksemdar som kjem att år etter år, og omdømet gjev oss nye, har vi den etterspurnaden dei fast tilsette maktar å handtere. Men det er både marknad og trong for meir.

Tilbakemeldingar frå dei siste kursa:



- Nynorsk mediesenter gjorde en fin innsats som "spillemedia" under pandemiøvelsen i Sogn og Fjordane. Deltakerne på øvelsen fikk relevante og krevende spørsmål fra spillemedia, og spørsmålene var egnet til å belyse sider ved "krisen" som deltakerne ikke nødvendigvis hadde tatt innover seg. Det ble laget direkte radiosendinger underveis i øvelsen, gjennomført en-til-en-intervjuer med utvalgte talspersoner for kommunene, Helse Førde og Fylkesmannen, og gjennomført en evaluering av krisesituasjonen til slutt.

Dette er tilbakemeldinga frå seniorrådgjevar Helen **Christensen** i beredskapsavdelinga i Helsedirektoratet, etter pandemiøvinga i Loen 10. og 11.november. Geirmund Henjum, Wenche Eikum og Inge Kjell Holme utgjorde "spillemedia" frå Nynorsk mediesenter.

- Konstruktive tilbakemeldingar



Redaksjonsgruppa for den nye nettsida til Askvoll kommune var samla til kurs i skrivning for Internett 2.desember, og primus motor i gruppa, Lene **Gjelsvik**, oppsummerer det slik : - *Vi ønska eit kurs med fokus på Askvoll og med utgangspunkt i kor langt vi har kome. Magni Øvrebotten var godt førebudd og brukte portalen vår som døme. Gjennomgåande på kurset var konstruktive tilbakemeldingar på det vi har gjort. Innleiinga "Kva kan de lære av tabloidane?" fungerte svært godt når referansepunkta heile vegen gjekk tilbake på innhald som vi har publisert på sida vår. Gruppa var motivert i utgangspunktet og Magni klarde å bygge opp under det heile dagen. Vi hadde godt utbyte av kurset, og tek gjerne eit oppfølgande kurs neste år. "*

- Skrekkblanda fryd



Ni tilsette i NAV Sogn og Fjordane var på kurs i medietrening 26. november. Prosjektleiar Hanne **Sæbø** oppsummerte kurset slik : - *Det var flott og nyttig å få trene på møte med media i ein tilnærma realistisk situasjon. Kursleiarane var flinke til å gje oss konstruktive tilbakemeldingar på korleis vi framsto både lydmessig og visuelt, i tillegg til at vi fekk vurdere vår eigen prestasjon og kvarandre sin. Vi møtte med skrekkblanda fryd, og det vart meir fryd utover dagen !*
Det var Heidi Lise Bakke og Magni Øvrebotten som hadde kurset

- Viktig å kjenne seg trygg



- *Eg er veldig fornøgd ! Kurshaldarane var dyktige og fekk oss til å slappe av og føle oss trygge, skriv ein av deltakarane til distriktssekretær Birgit **Stav** i LO Stat etter kurset i medietrening 15.-16.oktober. Kursdeltakaren held fram :*

- *På eit slikt kurs er det særst viktig å kjenne seg trygg, spesielt når det er veldig ulik erfaring hjå deltakarane. Vi lærte mykje om det å bli intervjuet og fekk god innføring i journalistanes arbeidsmetodar. Særleg nyttig var det med trening framfor kamera og gjennomgang av intervjuet etterpå. Kurset gav oss mange positive opplevingar og ny forståing for journalistens rolle. Mykje av det vi lærte kan vi og bruke når vi skal på skule - og arbeidsplassbesøk og vere kursleiarar. For oss var dette kurset kjempenyttig og vi vil råde andre til å ta kurset dersom dei får høve.*
Det var Wenche Eikum og Merete Husmo Høidal som hadde kurset med LO Stat i Hordaland/Sogn og Fjordane.

- Kvar blir nynorskpraktikantane av ?

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist Fenne (1980) er vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll Berge (1980) er tilkallingsvikar i www.nrk.no/nyheter, Olav Arne Nedrelid (1978) er lærar og tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin Bruland (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks/Alltid Nyheter. Eivor Brandseth (1985) vart sjukmeld medan ho gjekk her, og skal fullføre dei tre månadane ho har att våren 2009.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie Felde (1981) er informasjonsmedarbeidar i Datatilsynet frå nyttår av. Eline Buvarp Aardal (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard Tvedte (1981) er vikar som researcher i NRK biblioteket og tek ekstravakter i Dagsnytt. Ingunn Viken (1980) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og Ivar Folkedal (1983) er tilkallingsvikar i www.nrk.no/nyheter og studerer til mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild Sølvberg (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset Haga (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona Vetrhus (1975) skriv for tida på ei diktsamling, Ragnhild Bjørge (1977) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Inger Synnøve Tveito (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte Vik (1986) tek lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen, Marianne Feste (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril Furu (1984) blir frå nyttår av programleiar for "Nattønsket" i Natradioen, Ingrid Hognaland (1986) er nettjournalist i Haugesunds Avis og Vidar Eidhammer (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir Reksnes (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebø Svendseid (1984) studerer til Master i internasjonal juss i London og er tilkallingsvikar i NRK Alltid Nyheter når ho er heime, Erlend Blaalid Oldeide (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. Aanestad (1983) er forfattar og har kome med ny roman i haust, Øystein Windstad (1983) er journalist i Trønderbladet, der han ikkje får skrive nynorsk.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve Rydland (1984) er vikar i NRK Hordaland og held på med BA-grad i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, Marita Haugo (1982) er fast tilsett som krimjournalist i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle Forland (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline Kalstveit (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitektthøgskulen i Bergen og Håvard Hamnaberg (1978) er avdelingsingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig Hareide (1983) er programleiar for Newton i NRK1, Eli Vaage (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer litteraturvitskap ved UiB, Ingebjørg Bø (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa og har fødselspermisjon frå 15.november 2008, Birte Njåsen Horne (1984) studerer media og samfunn i New York, Janne-Marit Myklebust (1981) har foreldrepermisjon frå mai 2008.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli Bjelland (1981) er tilkallingsvikar i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV, Knut Åge Teigen (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet, Svein Ove Hansli (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen, Maria Rivedal (1981) er fast tilsett i NRK P3 og Inger Johanne Sæterbakk (1981) er marknadskonsulent i Hålogaland teater frå hausten 2008.

Visjon og verdier

”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreieing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "[Statusrapportar](#)".

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30 Faglærarar :
57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

